

ingebrigt nesheim

Fra: Laila Rynning Veum <laila.rynning.veum@live.com>
Sendt: 15. februar 2018 12:41
Til: ingebrigt nesheim
Emne: Vern av kulturminne knytta til kunstnarheimar på Voss

Hei Ingebrigt

Ei samrøystes tilbakemelding frå styret i Stiftinga Bergsliminne med ynskje om vern av Bergslitræet - og at Voss kommune viser Bergslitræet som omsynssone i komande rullering av arealdelen i kommuneplanen.

Vh
Stiftinga Bergsliminne
v/Laila RV

ingebrigt nesheim

Fra: Voss Bygg og Anlegg AS <post@voss-bygg-anlegg.no>
Sendt: 5. mars 2018 12:56
Til: ingebrigt nesheim
Kopi: Stig Øyvind Kvarme
Emne: SV: KUNSTHANDVERKSSKULEN

Hei.

Når det gjeld kunsten og tomta her, er me opptatt og ta vare på særpreget og historien huset har. Men me må sjølvstekt prøva og tilpassa huset slik at det vert funksjonelt og kan nyttast vidare til anten bustad eller næring. Me ser det som heilt nødvendig at det må vera aktivitet her for at me skal klara og bevare huset best mulig.

Slik det er i dag er det ikkje parkeringshøve på tomta. Dette er noko me må få på plass. I tillegg er det vanskeleg og utnytta innvendig særleg med tanke på dagens brann krav.

Det er soleis ikkje i vår interesse og verna heile området, men heller bevare fasadane slik dei er i dag.

Når det gjeld Nabo eigendommen (Tintrabakken) er vår oppfatning at det er for seint å redda denne.

Fra: ingebrigt nesheim [<mailto:ibn@arkitektbruket.no>]
Sendt: 5. mars 2018 11:33
Til: Voss Bygg og Anlegg AS <post@voss-bygg-anlegg.no>
Emne: KUNSTHANDVERKSSKULEN

Eg viser til tlf.samtale i dag og sender diverse materiale vedk. vern av kulturminne knytte til kunstnarar på Voss.

Nemnda som arbeider med dette, er avhengige av ei rask tilbakemelding slik at me kan senda eit innspel til kommunen innan den 06. april.

Me har fått positive tilbakemeldingar frå fem eigarar, fire skriftlege og ei muntleg. To eigarar har ikkje svart, og éin eigar har vore negativ.

Me ber om ei tilbakemelding på epost om dykkar syn på at det vert arbeidd vidare med dette. Det vil i tilfelle verta laga eit framlegg som de vil få til uttale.

Med helsing, Ingebr. Nesheim

ingebrigt nesheim

Fra: Brita Dagestad Bjørke <brita@stabburetakeri.no>
Sendt: 20. februar 2018 15:54
Til: ingebrigt nesheim
Emne: Kunstnarheimar på Voss

Hei

Viser til brev datert 05.februar 2018 angående Vern av Kulturminne Knytt til Kunstnarheimar på Voss.
Eg er positiv til dette.

Beste helsing
Brita Dagestad Bjørke
Helgavangen 52

Liv Bernhoft Osa
Per Gørvell
Uranienborg terrasse 17
0351 Oslo

19. februar 2018

Til
Arbeidsgruppa i Stiftinga Bergsliminne.

Ang. Vern av kulturminne knytta til kunstnarheimar på Voss.


Takk for tilsend brev. Me vil med dette seia tydeleg frå om at me ikke ynskjer at Sævelid skal koma inn under ein verneplan. Dette ga me også uttrykk for då De var på synfaring på eigedommen i 2013.

Me er glad for interessa og omsuten for Sævelid, og vi har etter at vi overtok huset og eigedommen i 2000, brukt det me har av ressursar til oppgradering og vedlikehald. Det har vore ein innsats vi er stolte av, og opplever vi absolutt kan stå for.

Når det gjeld samarbeid med kommunen, fekk me for ein god del år sidan ei henvending frå Gunnar Berge om me kunne vera interessert i at ein inngjekk i ein kulturminneplan kor det blei lagt vekt på at heile nabolaget blei sett i samanheng. Meiniga var at buområdet som Sævelid var ein del av, skulle sjåast som eit minneverdig buområde. Dette viste me til da vi protesterte det som stod i vår makt, då entreprenør Terje Tverberg foretok ei uhemma fortetning med to kolossale bueiningar på nabolagstoma heilt opptil Sævelid. Fylkeskonservator Ekerhovd var på synfaring og kom med sterk fråråding, og etter dette var formannskapet, Terje Tverberg og Liv Bernhoft Osa på ny synfaring. Voss kommune gjekk inn for eit par mindre endringar, slik at husa blei trekt noko bakover, men i det store og heile hadde ein ingen omsut for Sævelid og eigedomane rundt som kulturminne.

Me ser diverre ikkje at me er tende med ein verneplan for Sævelid, vi har stor forståing for ynskje om vern av dei andre bygga. For vår del tenkjer me at me har vist at me har pietet og omtanke for å bevare Sævelid både med sikte på at det er teikna av Magnus Dagestad, og med tanke på innhaldet i det som har vore ein kunstnarheim for Liv sin bestefar, Lars, hennar far, Sigbjørn, og den kunnstnarlege aktiviteten med har dreve i vår tid. Vern gjev også restriksjonar me er svært lite glade for skal binda oss.

Venleg helsing


Liv Bernhoft Osa Per Gørvell

ingebrigt nesheim

Fra: Einar Horvei <einarhorvei@gmail.com>
Sendt: 17. februar 2018 15:26
Til: ingebrigt nesheim
Emne: Kunstnarbustader

Hei

Viser til brev frå 05.02.18, og melder med dette frå om at me som eigarar av "Slottet" til Knut Horvei ønskjer å komma inn under regelverket for omsynssoner.

mvh

Einar Horvei

Jorunn Hirth
Myrkdalsvegen 656
5713 Vossestrand

Vossestrand, 19.02.18

Stiftinga Bergsliminne,
Mølstervegen 143
5705 Voss

Kunstnarheimar på Voss – Bustad etter Styrk Hirth.

Viser til brev av 05.02.18 vedk. vern av kulturminne knytta til kunstnarheimar på Voss.
Eg er samd i at «Gamlestova» vert vist som omsynssone i den komande rulleringa av arealdelen i kommuneplanen.

Med helsing

Jorunn Hirth

